



Rune Lekven Skår  
Ådlandsveien 905  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3491 - 16/32119

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.11.2016

## Førebels svar på søknad om frådelling av to bustadtomtar - gbnr 11/2 Hølleland

Vi syner til søknad om frådelling av 2 bustadtomtar mottatt 28.11.2016.

Mottatt søknad omfattar frådelling av 2 einebustadtomtar frå gbnr 11/2 og arealoverføring mellom gbnr 11/2 og 11/47. I tillegg er det i dispensasjonssøknaden gjort greie for at søknaden også omfattar søknad om oppattbygging av våningshus på eksisterande grunnmur på gbnr 11/2.

Søknad om arealoverføring mellom gbnr 11/2 og 11/47 vert handsama som eiga sak, jf sak 16/3706.

Når det gjeld søknaden om dispensasjon for oppattbygging av våningshus på eksisterande grunnmur på gbnr 11/2 er dette ei byggjesak som må handsamast som eiga sak. Søknaden er ikkje tilstrekkeleg dokumentert til at kommunen kan ta stilling til saka. Ny søknad med nødvendig dokumentasjon vert å senda inn. Søknaden krev mellom anna nabovarsling, at det vert gjort greie for veg, vatn og avløp, at det vert send inn teikningar som viser kva ein ønskjer å føra opp m.m.

Dette brevet omhandlar berre søknaden om frådelling av to bustadtomtar.

Kommune har gått gjennom søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf SAK 10 § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Nabovarsele

Omsøkte tiltak krev nabovarsling. Det må gå fram av nabovarselet at tiltaket krev dispensasjon. Naboliste følgjer vedlagt. Skjema for nabovarsling finn du på [www.dibk.no](http://www.dibk.no) under fana for skjema og blankettar.

### Vatn og avløp



Det må gjerast greie for at det er hygienisk trygg og tilstrekkeleg vassforsyning, samt slokkevatn for eigedomane, jf plan- og bygningslova § 27-1. Det må vidare sendast inn søknad om utsleppsløyve, eller dokumenterast korleis utsleppet frå eigedomane er tenkt løyst, slik at kommunen kan vurdera om utsleppsløyve kan gjevast.

Ved utsending av nabovarsel må det også gjerast greie for korleis utsleppet frå eigedomane skal handterast.

Private rettar til framføring av leidningar og/eller bruk av private anlegg for vatn og avlaup må dokumenterast.

### Veg

Det ligg føre førehandstilsagn om utvida bruk av avkjørsla frå Statens vegvesen, jf skriv datert 11.12.2015 med justerte vilkår som går fram av skriv datert 27.10.2016.

Før opprettelse av eigedom kan godkjennast skal tomta vera sikra lovleg atkomst. Det må dokumenterast at adkomst er sikra.

### Plan

Tiltaket er omfatta av kommuneplanen sin arealdel der arealet er avsett til byggjeområde for bustadar. Tiltaket krev, som omsøkt, at det vert gitt dispensasjon frå det generelle plankravet i punkt 1.1 i føresegnene til planen. Kommunen vil ved handsaminga av dispensasjonssøknaden leggja vekt på at omsøkte frådeling ikkje vil vanskeleggjera ei framtidig regulering av området.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjonen vert send inn samla innan **31.01.2017**. Dersom informasjonen ikkje er send kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova §§ 21-7, jf SAK 10 § 7-1.

### Gebyr

Gebyr vert fakturert i samsvar med Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert send ut krav om gebyr når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Rune Lekven Skår

Ådlandsveien 905 5918

FREKHAUG